

Preikestolen

KYRKJEBLAD FOR HJELMELAND, FISTER, ÅRDAL,
STRAND, JØRPELAND OG FORSAND SOKN

10 KONFIRMANT-
SIDER

8 EN KONFIRMANTHISTORIE:
YVONNE OG AINO

4 970 ÅRS-JUBILEUM
I JØSENFJORDEN



INNHALD

Frå redaksjonen	2
Andakt	3
970 Års-jubileum	4
Den stille uke	5
Intervju: John L. Nessa	6
Min sang	7
Intervju: Yvonne L. Meltveit	8
Konfirmantsider	10
Oppslagstavla	16
Slekters gang	19
Info om kyrkjekontor	22
Gudstenester	23



FOTO: BO MATHISEN



HÅP

Det er vår og påsketid. Ei tid som ber bod om håp!
Eg låner orda i songen til Eyvind Skeie:

*«Visst skal våren komme,
visst skal jorden bli ny.
Visst skal solen flamme
fra en himmel uten sky.
Visst skal noen danse,
visst skal noen le.
Visst skal barna klatre
høyt i livets tre!»*

*Så møt med trass den overmakt
som bryter livet ned.
Følg din lengsel mot en dag
med rettferd og med fred.
Våren kommer! Se den store
frihetsdagen gry!
Alt det gamle byttes ut,
snart blir verden ny!»*

Ein song som ber bod om håp til livet, både no og i det evige.
Så ønskjer me i redaksjonen god påske til alle. Kos deg med
bladet. Håpar du vil finna noko kjekt å lesa!

Siv Fossan

Adresse:

Postboks 188
4126 Jørpeland

Neste nr. kjem 17. juni.
Frist for innlevering av stoff
er 20. mai.

Redaksjon:

Liv Åse Gaard
Marit Rødland
Mette Ingvaldstad
Sigbjørn Turøy
Siv Fossan
Yvonne Langeland Meltveit

Kyrkja sin kontaktperson:

Liv Åse Gaard
kyrkja@strand.kommune.no

Får de ikkje Preikestolen i
postkassen, kan de ta kontakt
med eitt av kyrkjekontora.
Sjå tlf. nr. s. 22.

Abonnementspris: Kr 300 pr år eller
kr 80 pr. blad.

Bankgiro **3205.30.06158** eller
vopps-nummer **105004**

Design og trykk:

Ålgård Offset
Opplag: 7400

Framsidedfoto:

Hege T. Langbakk





JESUS ER OPPSTANDEN! JA, HAN ER SANNELEG OPPSTANDEN!

Slik har kristne helsa kvarandre gjennom uminnelege tider. Eit håp utover dette livet er tent ved Jesu oppstode. Gudsriket er kome til oss, me lever i den nye tida. Me skal få vandra i håpets teikn saman med den oppstadne Jesus Kristus. Jesus er ikkje lenger i grava! Han er ikkje her! Han er stått opp! Det var orda kvinnene som kom til grava fekk høyra. Dei la i veg i frykt og glede! Er det verkeleg sant! Lever Jesus?

Ja, Jesus stod opp – han lever!

Kva betyr det for oss at Jesu oppstode frå dei døde?

Det er grunnlaget for vår kristne tru. Oppstoda betyr alt for heile den kristne kyrkjas si eksistens. Det er den me bygge vår tru på. Men me har ingen augevitne, kvinnene ved grava var bare vitne til den tomme grava og engelens bodskap. Grava var tom. Jesus var ikkje der. Dei gjekk vidare til disiplane med engelens ord. Kvinnene og disiplane fekk møta Jesus i Galilea. Han hadde gått føre dei for å møta dei der han hadde sagt at dei skulle samlast. Jesus stod lekamleg opp. Han møtte dei. Han snakka med dei, han var der lekamleg hos dei, men han gjekk og gjennom stengde dører, han var på ulike stader på ein gong ... Jesus er Gud.

Jesus som døde på korset blir oppreist til den levande Jesus Kristus. Døden har ikkje det siste ordet

lenger. Den er underlagt Guds skapande kjærleik og kraft. Jesus stod opp for at me skulle få del i den same oppstoda når Gud skaper ein ny himmel og ei ny jord ein dag. Me har eit håp som går utover dette livet. Eit håp gjennom døden til livet saman med Jesus. Han sigra over døden. Han har fridd oss ut av dødens makt.

Påskeliljene, kyllingane, egga og gåsungane på bar kvist er teikn og symbol på det nye livet. Jesus skapte noko nytt ved sin død og si oppstode. Me lever med takk og glede i hjarte for at oppstoda skjedde og at me har fått del i dette nye livet. Takk Jesus for at du sa ja og gjekk den tunge vegen for oss alle!!

Gud elska menneska så høgt at han gav sin eigen son, for deg – for meg!

Jesus er oppstanden! Ja, han er sanneleg oppstanden!

God påskehøgtid!

*Sigrunn Hagen Arnesen
Sokneprest i Årdal, Fister og Hjelmeland*

970 ÅRS-JUBILEUM I JØSENFJORDEN

TEKST OG FOTO: HALDIS KARINE NILSEN

Helga før vinterferien var det stor markering i Jøsenfjorden bedehuskapell. Bedehusstyret og kyrkja hadde slått saman bedehuset sin 70års jubileumsfeiring med Stavanger Domkyrkje si 900års jubileumsfeiring – dermed 970!

Det var omfattande program: Yngres hadde førebudd opptrinn der dei presenterte både korleis Stavanger domkyrkje vart bygd, og korleis Jøsenfjorden bedehus vart bygd. Her var både biskop Reinald frå Winchester, kong Sigurd Jorsalfare, mange bygningsarbeidarar, arkitekt og lokale tomtegevarar i sving. Det var Gustav og Jørgen Hauge som i si tid gav gratis tomt til bedehuset nede ved skulehuset og brua. Bygget vart teikna av Valdemar Hansteen. Etter opptrinet vart det servert biffgryte med Eivind Selvikvåg som sjefskokk i matsalen. Så var det meir historieforteljing før familiegudsteneste og kyrkjekaffi med jubileumskake. Snau femti framømte fekk med seg ein flott ettermiddag.

Krona på verket var at sjølve bispebåten var på besøk og stod fullrigga i storsalen. Båten har vore på reis sidan pinsa 2023, og har besøkt dei fleste sokna i bispedømmet. Til Jøsenfjorden kom den på hengar frå Årdal – der den hadde vore markert på gudsteneste same formiddag. Å snirkla ein skikkeleg robåt/ seglbåt i tre rundt alle novene på bedehuset var ikkje problemfritt. Men det gjekk det og. Dermed stod båten klar med segl og det heile då arrangementet starta. Så spørst det om han kjem derifrå?



Bilde av framsyninga viser Even Skjølingstad og Livar Berg Johansen

DEN STILLE UKE...

Den stille uke er uka fra palmesøndag til påskeaften. Navnet kommer av at man ikke ringte med kirkeklokkene denne uka og heller ikke brukte orgelet under gudstjenestene. I denne tiden skulle man i størst mulig grad la alt arbeid hvile, og det skulle være stille både ute og inne. (Store norske leksikon)

TEKST: YVONNE LANGELAND MELTVEIT

Man har hørt om «Den stille uke»

Er det fremdeles stille i «Den stille uke»? Ikke så veldig, hvert fall ikke noe merkbart. Jeg undrer meg egentlig litt over om folk flest kjenner til begrepet «Den stille uke»? Jeg tror mange har hørt om det, men jeg tror det er av oppfatning at det har noe med Jesu korsfestelse å gjøre. Hvilket det har. Jesu lidelse, død og oppstandelse, men det at man ikke skulle ringe med kirkeklokkene, spille på orgelet og i størst mulig grad la arbeidet hvile, det tror jeg er nokså ukjent.

Saligprisning av fridagene

Vi feirer påske i Norge uten å direkte feire. Nokså likt som med julen egentlig. Faktisk alle kristne tradisjoner. Alle vil ha fridagene, men de færreste feirer slik man kanskje burde? Eller i alle fall hadde det vært kjekt om flere brydde seg om de kristne tradisjonene og ikke bare saligpriste alle fridagene.

Den ultimate påskedrømmen

Før påsken jobber mange litt ekstra, eller lengre dager for å få fri tidligere slik at man kan dra på fjellet. Den gule skipåsken på hytta med kvikkilunsj, påskeegg, pølsegrilling på bål, koke egg, appelsin, påskequiz,-og krim, og sol fra skyfri himmel. Det er det som er den ultimate drømmen for veldig mange nordmenn. Ingenting galt med det, men det hadde vært hyggelig om man faktisk feiret Jesus og det Han gjorde for oss.



Ikke et eventyr

Alt Han led i forkant før korsfestelsen, selve korsfestelsen og oppstandelsen den tredje dagen, det er ikke bare eventyr. Det er faktisk akkurat dette som har resultert i at man i «den stille uke» kan dra på ski og nyte det diggste påskeegget i påskeharekostyme på fjellet. Uten Jesus ingen påskeegg, påskehygge,- eller påskefri.


Være litt takknemlig

Kanskje kan man dette året ofre Ham en liten tanke? I hvert fall være litt takknemlige for alt det Han har gitt oss, det som vi tar for gitt? Kan hende benytte denne påsken til å være litt stille og til å ta seg tid til å reflektere over det fantastiske Vårherre faktisk ofret for oss; sitt eget liv for at vi skulle få våre skyldnere tilgitt. For at vi får ha evig liv hos Ham i Himmelen. Det er så utrolig mye mer verdt enn man noen gang vil forstå!

Nyte påsken akkurat slik vi vil

Og for at vi i dag kan nyte påsken akkurat slik som vi alle liker den best, enten det er feiring i kirke, menighet eller påskefri; hjemme, på hytta, i bobilen, i båten, ja, akkurat der vi trives aller best.

Glad påske 🍷





TEKST OG FOTO:
ANNE-BERIT RINDE BJELLAND

Kva var det som gjorde at du søkte på jobben som kyrkjetenar?

- Etter mange år som lærar, og etter kvart leiar av Nærmiljøsentralen, var det tid for pensjonistlivet. Men sjølv om eg hadde runda 67, kjende eg på både motivasjon og arbeidslyst. Så eg var på utkikk etter ein liten og meningsfylt jobb.

Korleis har du opplevd jobben i desse åra?

- Arbeidet har vore ei velsigning for meg. Eg fekk kome inn i ein god samanheng og har aldri kjent meg åleine. Tvert imot har eg vore omslutta av fine folk, både tilsette og frivillege. Eg var jo ikkje ukjend med kyrkja frå før. Å leve i kyrkjeåret si veksling har lenge gitt meg mykje. Til dømes kan salmar og musikk tale sterkt til meg. Å få lov til å ønskje folk i alle slags livssituasjonar velkomne inn i dette, har vore ei stor glede!

John Leikvar smiler breidt og illustrerer med hendene kor gildt det er å ønskje folk velkomne.

- Eg har slutta å vere redd for folk. Vi er alle små og skjøre når alt kjem til alt. I kyrkja kan vi få kome, store som små, med den bagasjen vi har.

Å TENE I KYRKJA

I ei gudsteneste i slutten av januar vart John Leikvar Nessa (84) takka av som kyrkjetenar i Årdal kyrkje. Han har vore trufast i dette arbeidet gjennom 16 år. - Ofte i kulissene, i det stille, men alltid med varme og smil til dei som kjem inn døra. Hjø John Leikvar sit nemleg latteren laust.

Men du har vel opplevd utfordringar i arbeidet?

- Ja, det må i så fall vere når uforutsette ting har oppstått. Til dømes gjekk brannalarmen midt i ei gravferd, og ein gong flamma altarlysa opp bakom presten. Og det er heller ikkje lenge sidan kyrkjeklokkene ikkje ville stoppe når dei skulle. Då blir jo ein kyrkjetenar litt varm i toppen ei stund. Men eg har alltid blitt møtt med varme og forståing når eg sjølv har forsømt meg på eit eller anna vis. Og mange ting går det jo heldigvis an å le av.

- I alle fall etterpå, seier John Leikvar og ler godt.

Korleis trur du det er å kome i kyrkja i dag i høve til tidlegare?

- Kyrkja er veldig god til å ta i mot folk. Det er fint å sjå at sokneråda prioriterer familiar i arbeidet sitt. Og det blir laga til leikekrokar og kyrkjekaffiar, og kyrkjevertane ønskjer alle velkomne i døra. Slike ting fanst ikkje då eg var ung.

Ja, korleis var det eigentleg å vere ung i kyrkja, til dømes då du var konfirmant?

- Å, vi skulle berre ta imot. Vi hadde mange spørsmål, det var sikkert, men det fanst dessverre ikkje rom for å stille dei. Riktignok pugga vi og lærte mykje, noko eg er glad for i dag. Det vart som ein ressursbank eg fekk ta med meg vidare i livet. Men vi var neimen ikkje englar. Presten fekk dessverre lite respekt, er

eg redd for. I dag er det langt større vekt på dialog. Dei unge blir oppmuntra til å stille spørsmål, og dei kan få spørje om alt. Kunnskapsnivået er nok lågare, men eg frydar meg når konfirmantane framfører det dei har lært eller deltek i gudstenestene på andre måtar, til dømes ved å synge og lage rørsler til Velsigninga. Når fleire sansar blir tekne i bruk, vil opplevingar og lærdom lettare feste seg.

Kva tenkjer du om kyrkja si rolle i dagens samfunn?

- Det er jo eit veldig stort spørsmål. Samfunnet har blitt sekularisert, og kyrkja har blitt sterkt utfordra. Eg er oppvaksen med bedehuset, og er ikkje eining i alt som skjer og har skjedd i kyrkja, men samtidig tenkjer eg at kyrkja er for alle og gir så rike høve til å forkynne evangeliet, verdas beste bodskap. Blant anna ser vi at det er ein høg prosentdel hjå oss som ønskjer å konfirmere seg, og mange nyttar seg og av dei andre trusopplæringstiltaka i kyrkja. Dette gir håp. Og midt i alt som er, er Kristus vår fred. Det får vi lov å halde fast i.

Hjø John Leikvar finn du lite gravalvor, men derimot ettertanke, mykje engasjement og ikkje minst glede. Han er nok ferdig med kyrkjetenar-jobben, men ikkje med tenesta i Guds kyrkje på jord.

Lukke til vidare, John Leikvar!

MIN SANG

Eg er oppvaksen i ein heim med mykje kristen sang og musikk, då særskilt hjå besteforeldra som budde i same huset. Slik fekk eg frå unge år med meg kristne songskattar, og dei har sett spor!

Ut frå dette er det mange songar å velje mellom, men då eg blei utfordra var det ein av Åge Samuelsen sine songar som kom til meg. Åge har nok i periodar av livet hatt det vanskeleg ,og det er grunn for å tru at mange av hans songskattar har sitt opphav ut frå slike periodar.

*Det var ei noen blomst som ble lagt på den vei,
som Guds sønn måtte vandre engang.
Da han bar på sitt kors opp til Golgata høy,
ingen fulgte ham der med sin sang.
Når de spottet og slo, og de hånet og lo
var han like tålmodig og from.
Taus og stille han står, ja han var som et får
da av folket han mottok sin dom.*

*Ingen krone han bar, av det edleste gull,
da for Pontius Pilatus han stod.
Nei, en krans blott det var, som av torner var full,
så hans kinner ble vætet med blod.
Av sin Fader forlatt, og av folket forhatt,
helt alene han kjempet og stred.
Midt i lidelsen stor intet trøstende ord,
men kun helvedes kvaler han led.*

*Når de naglene slo i hans hender og ben,
kunne dette vel være Guds sønn?
Blodet rant fra hans sår, men så hellig og ren,
til sin Fader han sendte en bønn.
Ikke bønn med et hat, men; min Far dem forlat,
for de vet ikke selv hva de gjør.
Og når eddik ble rakt, da er allting fullbrakt:
Som en røver på korset han dør.*

*Han til dødsriket fór, for å løse dem ut,
som var døde i troen på Ham.
Satans velde var stort, men han seiret til slutt,
ingen død kunne holde Guds Lam.
Seierskransen han bar, som den konge han var,
Når fra graven han oppstod igjen.
Dødens nøkler han har, når han hjem til sin far,
triumferende svinget seg hen.*

*Men han kommer igjen for å hente sin brud,
fra den kommende trengsel så stor.
O, vær rede min venn, meget snart kommer bud:
Vi i skyen skal løftes fra jord.
Vi skal prise ham der, som vi ei kunne her,
når vi frelste i himmelen skal stå.
I rettferdighets drakt skal vi skue hans prakt,
Og av nåde vi kronen skal få.*

Vald sang er ikkje av hans mest kjende, men blei kjend med denne gjennom framføring av Strand Ungdomskor seint 70 tal. Den gjorde,og gjer, sterkt inntrykk på meg , då den får fram kva det kosta Jesus å gje livet sitt til vår frelse!

Denne sangen skrev broder Aage allerede i 1953.

TEKST: ASLE KROGEVOLL





Foto: Privat

EN KONFIRMANTHISTORIE: YVONNE OG AINO

En 14-årig jente og en voksen leder møttes i en konfirmantgruppe i Jørpeland kirke. – Det var gjennom konfirmantundervisningen at jeg ble kristen, forteller jenta, som nå er voksen. – Så fantastisk! Det ante jeg ikke, svarer lederen. Her skal vi få møte konfirmanten, Yvonne Langeland Meltveit, og konfirmantlederen, Aino Aase.

TEKST: MARIT RØDLAND

Da Yvonne var 10-år skilte foreldrene seg og hun flyttet til Sola sammen med mor og lillesøster. Hun fant seg imidlertid aldri til rette. Det var en vanskelig periode med både mobbing og utestengelse i en sensitiv alder. Heldigvis hadde Yvonne et godt forhold til besteforeldrene på Jørpeland, som hun reiste til i helgene. Til slutt ble påkjennningene på Sola for store, og hun ba om å få flytte inn til dem. De tok med glede i mot henne, noe som gjorde at hun var klar for 8. klasse og konfirmantår på Jørpeland.

Undervisningen

Høsten 1993 begynte konfirmasjonsundervisningen. Presten het Ingvar Dragsund, og Yvonne likte godt måten han underviste på. Hun ble opptatt av Bibelen, og leste like godt alt fra første til siste side. Dette var hun litt stolt over selv, og hadde behov for litt skryt. Så hun fortalte morfaren om bragden. –Men han ble ikke spesielt imponert, ler Yvonne. Så begynner hun å fortelle:

– Jeg var nok på leit etter kristne venninner. Og så var jeg litt misunnelig på de som hadde kristne foreldre. Det hadde ikke

jeg. Jeg tror nok det var det kristne fellesskapet jeg misunnet dem. Jeg søkte etter et slikt fellesskap, og jeg ønsket å få del i det de hadde – og som jeg enda ikke hadde, forteller Yvonne, og fortsetter:

– Som konfirmanter hadde vi en prøve som vi alle måtte ta. Jeg svarte så godt jeg kunne. Jeg var spent på hvor mye jeg hadde fått med meg, men hadde lest mye på prøven på forhånd. Og så fikk jeg jammen alt rett! Det gjorde veldig godt.

Første nattverd

– Jeg tror egentlig jeg må ha fått noen drypp med både fellesskap og kunnskap opp gjennom barneårene, men det var først i konfirmantåret at jeg fikk en overbevisning om at nå gjaldt det også for meg, dette med kristendommen. Hver onsdag var det konfirmantundervisning kl 17, og jeg gledet meg til hver eneste gang! Jeg satt der som et lys og slukte alt jeg hørte. Det kom på rett sted og til rett tid for meg. På en ungdomsgudstjeneste i kirken var det også nattverd. Og da gikk jeg opp til alterringen og fikk ta del i min første nattverd. Jeg var 14 år, og jeg følte at dette var et stort skritt å ta. Men jeg hadde en fantastisk konfirmantleder som

het Aino, og en flott prest i Ingvar Dragsund. Og etter hvert mistet jeg de tankene jeg hadde hatt om at jeg ikke var god nok til å kunne være kristen.

En fredagskveld i måneden var det ungdomsgudstjeneste, og det var fantastisk kjekt! Der fikk vi være unge, hele gudstjenesten var lagt opp for oss. Det var et veldig godt ungdomsmiljø der.

Konfirmert

Da konfirmasjonssøndagen kom hadde jeg i tillegg til kjole gått til anskaffelse av en svart hatt. Det var ikke så mange som kom med hatt! De andre hadde bunad under den hvite kappen. Jeg hadde også hvit kappe over den mørkeblå kjolen min, så jeg hadde tenkt at det ville passe bra med en svart hatt til. Jeg hadde selvsagt tenkt å ta den av meg rett før det var min tur til å gå opp til alterringen. Men det skjønnte ikke lillesøsteren min. Så hun løp fram til meg og nærmest ropte: TA AV DEG HATTEN! Så løp hun ned igjen. Men da hun så at jeg ikke hadde tatt av meg hatten selv om hun hadde sagt det, løp hun fram igjen og ropte ut at jeg måtte ta av meg hatten, en gang til. Til og med en tredje gang kom hun, og



Foto: Marit Rødland

dermed satt jeg der og skulle i alle fall ikke ta av meg hatten før det ble min tur til å gå fram. Da det ble min tur tok jeg selvfølgelig hatten av, og jeg ble konfirmert sammen med de andre av Ingvar Dragsund, smiler Yvonne.

Takknemlig

I ettertid er hun takknemlig for både presten og konfirmantlederen hun hadde. Det var Aino Aase som va konfirmantlederen til Yvonne.

Jeg har alltid vært opptatt av kristen formidling. Jeg har prøvd å formidle at det å bli kristen eller være kristen ikke er noe innviklet eller vanskelig. Og selvfølgelig har jeg prøvd å lære fra meg på best mulig måte, sier Aino.



Aino kjente at hun skulle være med i et frivillig arbeid i Jørpeland menighet som var rettet mot unge. Det var i denne menigheten hun selv hørte hjemme. Hun kan ikke huske Yvonne spesielt, for det er ganske mange hun har vært leder for gjennom årene. Men Yvonne husker Aino veldig godt:

- Det var Aino som fikk meg til å forstå at jeg kunne kalle meg kristen, sier Yvonne, og fortsetter:

- Det var mange drypp opp gjennom som ledet meg mot kristen overbevisning, men konfirmasjonsundervisningen som ledet meg til bevisst tro. Det er rart å tenke på hvordan Gud kan lede oss! Han ledet Aino til å være konfirmantleder her i Jørpeland

kirke, han ledet meg inn i hennes gruppe. Og så ledet det til tro for min del, og til at Aino har fortsatt som frivillig i menigheten.

Har betydd noe

- For min del må jeg bare si at det gjør godt med en bekreftelse på at min frivillige innsats har betydd noe for noen, sier Aino, som selv ble konfirmert i 1963 i det daværende Langeland kapell.

- Vi hadde Arne Meinich Gundersen som konfirmantprest. Han var glad i korsang, så han øvde inn en to-stemt sang vi skulle synges på konfirmasjonssøndagen for alle i kapellet. Jeg er ikke sikker på om guttene syntes dette var helt topp, men jeg likte det, avslutter Aino Aase.

KONFIRMANTAR



HJELMELAND



HILSEN

Kjære flotte konfirmantar i
Årdal, Hjelmeland, Fister og Jøsenfjorden!

Eg er så taknemlig og glad for kvar og ein av dykk. Takk for alle spørsmål, fine diskusjonar, godheiten de har vist meg og kvarandre. Takk for at du har gjort konfirmasjonsundervisninga ein så trygg og fin plass å ver. I kyrkja er du alltid velkommen, her finnes det folk du kan snakka med. Det er slutt på dei obligatoriske gudstenestene og timane våre i kyrkja, eg håper du finn veien innom likevel, og hugs at du alltid er ein del av kyrkjelyden og felleskapet!

Vi har lært å kjenna den kjærleiken Gud har til oss, og vi har trudd på den. Gud er kjærleik, og den som blir verande i kjærleiken, vert verande i Gud og Gud i han. 1. Johannes 4:16

Helsing Tonje, kyrkjelydspedagog



Konfirmantar

Jøsenfjorden kapell - Lørdag 3. mai

Bouzane Robin Evangeline
Vadla Trym

Årdal kyrkje - Søndag 4. mai

Bendoukha Rayan
Boado Kellsey Shannah
Hauge Anna Berthine
Husebø Jeanette
Mæle Ludvig Vetthus
Ommundsen Sverre
Riskedal Henning
Rossemyr Karoline
Svendsen Noah Gabriel

Fister kyrkje - Lørdag 10. mai

Arnesen Lotte Helgøy
Hauge Frida
Helgøy Heidi
Hetland Marita Auksoriute
Kjellsen Emilie Nærheim
Moen Anette Meltveit
Skorge Vetle August Hettervik

Hjelmeland kyrkje - Søndag 11. mai

Byrkjedal Even Rokoengen
Dale Astrid Øygard
Drognes Pernille Bergøy
Faustino Henrik Ian Vega
Hausken Nikolai
Hausken Tomine Moen
Kleppa Anna Seselia
Lid Sjur Hallvard
Lagasca Stian Lorenzo Lunde
Meland Ådne Jakobsson
Munthe Emilie Gabrielsen
Ommundsen Skage Hia
Pedersen Noah Jarwson
Sakenaite Aukse
Sukutis Ignas
Tjeltveit Hedda

JØRPELAND KYRKJE



HILSEN

Kjære konfirmanter i Jørpeland menighet!

Konfirmasjonsdagen nærmer seg og vi gleder oss til å feire dere konfirmanter, sammen med familie, slekt og venner.

Jeg vil takke dere for de fine samlingene vi har hatt sammen i kirken dette året; med sang, undervisning, leir, smågrupper, samtaler og ulike aktiviteter. Jeg håper at konfirmantåret har bidratt til at dere kan få utvikle en trygg identitet og tro på at Jesus er nær i alle livets opp- og nedturer, og at dere opplever Jørpeland kirke som deres kirke. Husk at her er dere alltid velkomne hele livet.

Jeg vil avslutningsvis gi dere et bibelord, som jeg ønsker kan følge dere videre. Bibelordet sier noe om Guds glede og fred som vi kan få del i, uavhengig av hva vi selv klarer å få til.

«Må håpets Gud fylle dere med all glede og fred i troen, så dere kan bli rike på håp ved Den hellige ånds kraft». (Rom.15,13).

Med ønske om en fin konfirmasjonsdag og velsignede dager fremover!

Vennlig hilsen Mia, Kateket

Konfirmantar

Søndag 4. mai

Aakre	Tiril Heskje
Aasen-Rein	Daniel Leonardo
Aasen-Rein	Liam Leonardo
Berge	Vilje Tjensvold
Bøe	André Fotland
Fiskå	Karsten
Hansen	Martin Haugland
Heggland	Oskar
Helland	Simone
Hjelmen	Liam Oliver Jakobsen
Idsal	Camila
Ildgruben	Mathias Siem
Kallesten	Tomine Ravndal
Knapp	Adrian Børkja
Larsen	Mari
Madsen	Daniel
Oftedal-Fjelde	Tore
Pollard	Frida
Ravndal	Marcelius Helgeland
Rygh	Villemo Leona
Tveit	Emma Hermansen
Ueland	Aleksander Daniel Ferrer

Lørdag 10. mai

Aakre	Aron Åsheim
Andersen	Olivia
Asbjørnsen	Marius
Berge	Adrian Strand
Berglund	Markus Barka
Blix	Leon Johnsen
Brekke-Tjøstheim	Emil
Brekke-Tjøstheim	Anna
Fiskå	Odin Riveland
Fjelde	Are
Fonneland	Nils Olav
Hansen	Leiv Matheo Espedal
Hansen	Leon Sel
Hauge	Marie Joa
Heggland	Liana Sofie
Helland	Livia Charlike Kveseth
Holte	Amalie Romsøe
Hus	Linea
Idsø	Mina
Idsøe	Lukas Jørmeland
Iversen	Oliver
Jøssang	Tobias

Kvalvåg-Idsøe	Olava
Lindland	Sunniva
Nag	Anna Målfrid Rake
Næss	Emil
Rønne	Marius
Schnell	Herborg Bjørkhaug
Sel	Herman Fjelde
Skåne	Karina
Spørkel	Kirsten Casey
Strømmland	Ida Synnøve Hetlelid
Tuntland	Aune
Tveit	Vilje
Tveit-Eriksen	Noah
Vervik	Linea

FORSAND KYRKJE



HILSEN

Kjære konfirmanter på Forsand

Nå nærmer det seg konfirmasjon, ett år har vi lagt bak oss med samlinger, leir og gudstjenester. Jeg håper dere har fått gode opplevelser og blitt bedre kjent med bibelen, Jesus og Gud. Dere er en flott gjeng, det har vært fint å få være med dere.

Ønsker å dele noen bibelvers med dere som jeg håper dere vil ta med dere.

"La ingen forakte deg for din ungdoms skyld, men vær et forbilde for de troende i tale, i ferd, i kjærlighet, i tro, i renhet!" 1.Timoteus 4.12
"Fred etterlater jeg dere. Min fred gir jeg dere. Ikke som verden gir, gir jeg dere. La ikke deres hjerte forferdes, frykt ikke!"

Ønsker dere Guds velsignelse over feiring og framtiden.

Hilsen fra Hilde,
ungdomsarbeider

Konfirmantar

Søndag 25. mai

Bjørheim	Bjørnar Espedal
Dovidonyte	Greta
Espedal	Odin Auestad
Espedal	Silvia Fiskå
Espedal	Stian
Espedal	Tuva
Hatleskog	Leah
Kjærvoll	Isak
Medalen	Sigrid Fossan
Oaland	Jørgen Løland
Rettedal	Vegard
Svendsen	William Kjølleberg

TAU KYRKJE



HILSEN

Kjære konfirmentar

Profeten Jeremia skreiv desse orda ca 600 f Kr.

«For eg veit kva tankar eg har med dykk, seier Herren, fredstankar og ikkje ulukketankar. Eg vil gje dykk framtid og von. Når de kallar på meg og kjem for å be til meg, vil eg høyra på dykk. De skal søkja meg, og de skal finna meg.» Jer.29,11-13a

Gud er ein Gud som gir framtid og håp, og han høyrer på oss. Han gløymer deg aldri.
Helsing Bodil, kateket

Konfirmentar

Lørdag 3. mai

Barka	Ida Lilja Helgeland
Byberg	Sigurd
Cole	Marion Nanette
Espedal	Kristian Rein
Fredriksen	Isabella Olsen
Førland	Veronica
Haugvaldstad	Annabell Helen
Helmikstøl	Herman
Holmgren	Brede
Holta	Elea
Holta	Peder
Ihlen	Thea Bloch
Johannessen	Simen Dahle
Karlson	Dina Vasstveit
Kristiansen	Sonja Jårvik
Krogevoll-Ur	Krister
Krogevoll-Ur	Kaisa
Meidell	Luah Daniella Carvalho
Meling	Emil Vollebekk
Nerhus	Tor Emil
Norland	Daniel Bruno
Ravndal	Thimon Kvame
Rosså-Helmikstøl	Leah
Runestad	Even
Sagård	Erik Aas
Skappel	Margretha
Tjensvold	Aksel
Tjøstheim	Jenny Strand
Tjøstheim	Eirik
Vervik	Leander Sørli
Voster	Alise Erika
Voster	Angelika Dyrdal
Voster	Gabriel



Søndag 11. mai

Djønne-Ur	Tuva Tirill	Soppeland	Herman
Eikelid-Øvrehus	Ane	Svendsen	William Gausland
Foss	Kevin	Sørheim	Serina
Fredriksen	Lykke Angelica	Torgersen	Olaus Amdal
Hetlelid	Hermine Kåsen	Tytlandsvik	Mateo Holta
Leite	Thea Gjerde	Vasstveit	Ida
Melby	Karlo	Veland	Arian Strandset
Mæland	Ulvar Vestersjø	Voster	Ine Anderson
Norland	Sara	Østerhus	Ellinor

KONFIRMANTANE I RYFYLKE GJEV GJENNOM FASTEAKSJONEN HÅP MIDT I TØRKEN

I år er fokuset på reint vatn til Zambia. I fjor var dette landet eit av dei hardeste råka landa i det sørlege Afrika. Det har vore tørke i heile 2024, og regntida i slutten av 2023 varte berre i tre veker.

Tysdag 8. april kan du få bli med konfirmantane å gi håp til fleire menneske. Med hjelpearbeid der nye brønner kjem til, der dyrkingsmetodar og plantar blir vidareutvikla og tilpassa lite vatn, der betrar levkåra seg. Det blir meir mat, friske folk og også nye inntekter.

Ta vel i mot konfirmantane tysdag 8. april

DET ER HÅP I EIN DROPE VATN



Nesten 800 millionar menneske lever framleis utan tilgang til reint vatn i verda i dag, på grunn av tørke, flaum, jordskjelv eller krig.

Støtt Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon og gje vatn til dei som treng det mest!

VIPPS til 2426



KIRKENS NØDHJELP
actalliance

BETALING AV ÅRETS BLAD

PREIKESTOLEN 86 ÅR



Preikestolen er i 2025 i årgang 86. Det blir distribuert til alle husstandar i Strand og Hjelmeland kommunar, samt husstandane på Forsand.

Det er frivillig abonnement på bladet, og vi er avhengige av - og takksame for - dei som betalar, og for dei bedriftene som har annonser i bladet.

Dessverre er det så vidt det går rundt økonomisk, men redaksjonen har eit sterkt ønske om at bladet fortsett kan bli utgitt.

Så dersom du set pris på bladet, er me glade om du betalar abonnement – kr 300 pr. år, eller kr 80 pr. blad.

KAN HENDE NOKON VIL GI EI JUBILEUMSGÅVE?

Takk for støtte!



vipps
TIL 105004

eller **KONTONR: 3205 30 06158**

Pris: Kr 80,- kr pr blad, eller
kr. 300,- for året.

Tusen takk for støtte!

SONGKVELD


Fister kyrkje

Tysdag 10.juni

kl 18.00



Hjelmeland kyrkjekor



Kollekt til
korarbeidet

Arr: Hjelmeland kyrkjemusikalske utval

KONSERT I TAU KYRKJE SØNDAG 25. MAI KL 20.00

Kornelius og Inger Lise Hope



Billetter på TicketCo

AKTIVKLUBBEN I TAU KYRKJE
MANDAG 28. APRIL KL. 19.00

Foredrag om
«Snåsamannen»

Erik Larsen vil fortelle om sine møter med Joralf Gjerstad. Joralf sin livsfilosofi, helbredende evner og verdier vil bli løftet fram denne kvelden.

Mat, drøs, kveldstankar.

Inngang kr. 100,-
Arr.: Aktivklubben i Tau Kirke



PASJONSKVELD

HJELMELAND KYRKJE



langfredag (18.04) kl.20.00

Lidingsoga frå Johannes-evangeliet:
Trygve Brandal

Tverrfløyte: Astrid Bjelland

Orgel: Anne-Berit Rinde Bjelland

KOLLEKT

VEL MØTT!

Arr: Hjelmeland kyrkjemusikalske utval

KONSERT I TAU KIRKE
FREDAG 25. APRIL KL 19.00

Gilberdal

Trioen består av Øystein Gilje, Kjell Emil Berge og Tor Kjetil Espedal.

Grappa fremfører både egenkomponert musikk, tolkninger av andre artister, og noen favorittsalmer.

Arr.: Kulturutvalget i Tau Kirke
Billetter: kr. 300,- på Melodyppe og i dera



FRILUFTS-GUDSTJENESTE I
SØN.25.MAI KL. 16:00

Kuviga



**TA MED: MAT, STOL OG GODT HUMØR.
KFUK/M SPEIDERE DELTAR.
BÅL OG AKTIVITETER FOR BARN.**

V/ Johannes Pettersen, Mia Raustein,
Edel Kvindesland og Solveig Leithaug.
Værforbehold, følg med på FB og hjemmesiden

PÅSKEKLANG

Hjelmeland kyrkje
15. april kl. 19

Astrid Bjelland (fløyte)

Maria Kessel Hynnekleiv (klaver)

Billetter i døra: kr 250- (VIPPS eller kontant)

Barn under 16 år går gratis

Arr: Hjelmeland kyrkjemusikalske utval



PÅSKEKLANG I HJELMELAND KYRKJE

Også denne påska får Hjelmeland gleder av påskekonserter med Maria Kessel Hynnekleiv (piano) og Astrid Bjelland (fløyte). Desse to legg snart ut på ein påsketur som vil omfatte konsertar i Voksen kirke i Oslo, i Sola Ruinkirke og i Hjelmeland kyrkje.

Maria Kessel Hynnekleiv er frå Sola og har studert klassisk klaver både i Japan og i Stavanger. Bak seg har ho masterstudium ved Norges Musikkhøgskule, der ho spesialiserte seg innan tidleg musikk og hammerklaver. Opp gjennom åra har ho delteke i fleire konkurransar og musikkfestivalar i inn- og utland. Maria deltek også jamnleg på konsertar, både som solist, kammermusikar og akkompagnatør. Frå hausten 2024 har ho vore fast tilsett som organist i Voksen kirke.

Astrid Bjelland, frå Randøy i Hjelmeland, har si utdanning frå musikkonservatoria i København og München. Astrid har mottatte mange prisar for fløytespelet sitt, både i inn- og utland, og ho har spelt i fleire orkester i Skandinavia og på Island. For tida er ho på kontrakt i Malmø symfoniorkester.

Maria og Astrid blei kjende i ungdomsskuletida, då begge fekk musikkopplæring gjennom «Unge Musikere» i Bjergsted. Og allereie i 2012 spelte dei saman ved ein konsert i Hjelmeland kyrkje. Sidan gjekk dei ulike vegar med musikken sin, men i 2017 møttest dei igjen under ein festival på Gotland, til gjensidig glede og inspirasjon.

Påskekonserterne dei siste tre åra har gitt meirsmak, så i år kjem dei tilbake med fornya repertoar og inviterer publikum til å oppleve påskebodskapen gjennom musikk og tekslesing.

Konserten vil først og fremst innehalde klassiske stykker, men dei vil óg ta i bruk aktuelle salmar frå dei ulike dagane i påska, og framføre musikkstykker som høver i karakter og stemning. Dermed kan dette bli ei talande og vakker stund i kyrkja, der heile påska får klinge med.

TAU KYRKJE FREDAG 4.APRIL KL. 19.30



Gratisbilletter kan reserveres på sgcompany.hoopla.no



Hjelmeland kyrkje

- Andakt på Hjelmeland omsorgssenter tysdag kl.11 i oddetalsveker
- Babysong kvar onsdag, fram til påske, kl.11
- "Berre bibel" kvar onsdag frå kl. 13-14

GODHETSDAG FORSAND TYS DAG 6. MAI

Treng du, eller kjenner du nokon som treng ei hjelpande hand?

Denne dagen vil konfirmanter saman med diakonivalet ha dugnadsdag der dei ønskjer å hjelpe folk med ulike små oppgåver i heim og hage. Det kan vera hjelp i hagen, rydding, reingjering o.l. Det blir ikkje tid til store oppgåver som maling osv.

Oppdrag kan meldast til Kyrjekontoret på sms til tlf 41311055, eller mail forsand.sandnes@kirken.no innan 15. april.



Årdal kyrkje

- Andakt på Årdal omsorgssenter tysdag kl.11 i partalsveker
- Open kyrkje kvar måndag kl.11
- Strikkekafe måndag 05. mai og 09. juni kl. 12.15



Stavanger bispedøme 900 år



Ryfylke prosti feirar jubiléet med felles

Festgudsteneste på Furutangen

Kristi himmelfartsdag 29. mai

1200 Festgudsteneste med biskop Anne Lise Adnøy, Hjelmeland kyrkjekor, Solveig Leithaug, og lokale musikarar. Prestar og andre tilsette i Ryfylke prosti medverkar

- 1300 Aktivitetar for store og små
- Mulighet for å kjøpa middag
 - Gruppe frå Hjelmeland Teaterlag gir historiske glimt rundt jubileumsbåten som har vore rundt i helle bispedømet
 - Skuta «Brødrene af Sand» legg til kai
 - Tivoli ved NMSU

- 1500 Misjonsmøte
- Tale ved Bjørg Tysdal Moe (landsstyreleiar NMS)
 - Lokale songarar og musikarar

Furutangen er på Randøy. Du kan koma med bil eller med eigen båt.



DEN NORSKE KYRKJA
Stavanger bispedømme



JØRPELAND KIRKE

HVER UKE

Jørpeland kirke

SMÅBARNSSANG
Onsdager i kirken

Småbarnsang 1-4 år
kl. 10:15 - 11
Ta med matpakke

Drop in Gratis

BARNEKOR
For barn 4 - 10 år

Mandager kl. 17:15-18

Hver mandag i Jørpeland kirke (ikke i skolens ferier)
Hilsen Edel 908 07 277

BABYSANG

Onsdager kl. 11:30-12
For barn 0-1 år

Treffpunkt med sang, bevegelse og god dras.

I Jørpeland kirke

Følg med på facebook: Jørpeland menighet

ETTER SKOLETID

Tweens

FOR ALLE 5-7. KLASSINGER

HVER MANDAG ETTER SKOLEN
KL. 12:15 - 13:30 I KIRKE-KJELLERE

MAT AKTIVITETER
FELLES-LEK
SAMTALEGRUPPE
FRITID

MORGENBØNN

FREDAGER KL 9-10

BARNEKIRKE SØN.
KL. 11:15

ØNSKEKONSERT

VÅRSANG

SØNDAG 27. APRIL KL. 19

I JØRPELAND KIRKE

SOLVEIG LEITHAUG
MED GJESTER...

Fri entrè og kollekt
Arr. Jørpeland menighet

PERLER I PÅSKETIDA

Årdal kyrkje
mandag 21. 04 - 2. påskedag
kl 18.00

Bli med
Hjelmeland kyrkjekor
denne kvelden!

Koret vil leie oss i mykje flott allsong,
der påskegleda står i fokus.

Kollekt
Arr: Hjelmeland kyrkjemusikalske utval

SLEKTERS GANG



DØYPTE

FISTER

02.02.25 Karl-Henrik Øvstebø-Aasen

HJELMELAND

19.01.25 Ingrid Sørensen-Mjølhus

09.02.25 Isabel Ingvaldstad

JØRPELAND

24.11. Mille Henningsen Helland
Sverre Lekvam

01.12. Maia Voster

08.12. Jøsefine Holstein-Sædberg
(døpt St. Johannes)

28.12. Andreas Rygh Pettersen

05.01. Leah Warda Helland

12.01. Kornelius Berge-Larsen

19.01. Tuva Knapskog Bjørheim
Sofia Nag Aarskog

25.01. Vetle Kjellesvik Lauvåsvåg

26.01. Emily Svabø

16.02. Fjor Gundersen Auestad
Oda Sørskår

STRAND

24.11. Lotta Burås

01.12. Mina Holta
Josefine Fatland

19.01. Bjarne Høllslid Mosnes

26.01. Eirik Stople Kjærnsrød
Emil Tvedten Ur
Leah Dahle
Birk Førland Vatland

02.02. Solveig Hosøy

09.02. Styrk Sturla Tungland Kregnes

16.02. Levi Gausland
Oliver Lønseth Figved

02.03. Louisa Kalviknes-Mjaaland
Annastasia Kveseth Kamudo

09.03. Alma Tytlandsvik

ÅRDAL

10.11.24 Saga Øvstebø Gausland

VIGDE

STRAND

14.12. Bodil Eie og
Svein-Egil Holmedal Johnstad

18.01. Oda Kristine Melberg
og David Dyrdal

28.02. Henriette Øvstebø og
Aleksander Vermedal Norgren

01.03. Randi Stople og Espen Nybakk

FORSAND

14.02. Hege Rognlie og
Ronny Bruun Hansen

JØRPELAND

28.02. Stine Rødne Holta og Stian Stenvik

DØDE

FORSAND

20.02. Serina Nygård

07.03. Liv Aase Orstad Berge

10.03. Margrethe Høydal, f.Lerang

HJELMELAND

28.12.24 Einar Jarl Børve

06.01.25 Sigmund Skogen

11.02.25 Borghild Mæland

24.02.25 Edith Sæbø

JØRPELAND

16.11. Jens Vervik Gjerde

19.11. Rutt Mari Anne Hetle

20.11. Jostein Helland

21.11. Asgeir Spørkel Gjerde

18.12. Ingunn Elise Vatland

21.12. Kåre Aanestad

01.01. Audun Lie

01.01. Roar Sturle Fjermestad

06.01. John Sedberg

09.01. Kjell Magne Holthe

10.01. Per Gunnar Skjæveland

24.01. Solveig Kristine Fjelde

28.01. Bernt Langeland

02.02. John Fosse – gr.l. Strand

04.02. Tore Helge Notvik

06.02. Finn Morten Rygh

11.02. Alf Henning Svendsen

17.02. Else kristine Karlsen

STRAND

22.11. Egil Jansen

24.12. Else Ingvaldsen

28.12. Tora Kleppa

30.12. Anne Marie Lund

17.01. Karl Johan Eie

20.01. Bjarne Erling Johansen

22.01. Odd Malvin Jårvik

07.02. Hilmar Gausland

26.02. Raymond Nordbø

26.02. Leif Voster

ÅRDAL

28.10.24 Gerd Aud Mæle

12.11.24 Ola Måland

12.01.25 Sigbjørn Schmidt

STØTT VÅRE ANNONSØRER. DE STØTTER OSS!

ØNSKER DU Å ANNONSERE I BLADET? KONTAKT KYRKJA@STRAND.KOMMUNE.NO
FOR 2025 KOSTAR EIN TO SPALTAR KR. 3.300,-
OG EIN DOBBEL TOSPALTAR KOSTAR KR. 6.600,-



Byggefirma med lange og gode tradisjoner, dyktige fagfolk og fokus på høy kvalitet og kundetilfredshet. Du som kunde står alltid i fokus, og for oss er alle jobber av interesse (store og små). Vår visjon er "ingen jobb ferdig før kunde er fornøyd"

www.forsand-byggservice.no. Bergekrossen 7A, Forsand. Tlf 51 70 31 12

JØRPELAND SERVICESENTER AS
Ryfylkevegen 953, Jørpeland • Tlf. 51 74 14 45
www.jorpelandservice.no

POWER
Jørpeland Elektrosenter
SKALLSTØPERIET

ECIT Business Partner AS

- Regnskap
- Firmaregistrering
- Årsoppgjør
- Datatilkobling
- Scanning av bilag

Jørpeland: 51 74 14 00 | Årdal: 51 75 42 50

MØBELRINGEN®
Jørpeland

Jørpeland - Åpningstider: 7-23

FARGERIKE
HJERTENES JERNVARE
Vågen, 4100 Jørpeland • Tlf. 51 74 72 04

Strandbuen

**Me har varekjøring
kvar dag !**
post@lysefjorden.no
Ring: 95259325 hvis spørsmål!

SpareBank 1
SR-BANK

Tlf. 51 74 48 80
post@rygrokonomi.no
Autorisert regnskapskontor
Kontor Finnøy, Forsand,
Hjelmeland, Sjernarøy,
Stavanger og Tau
WWW.RYGROKONOMI.NO

FORSAND™
SANDKOMPANI

STOPPER RUST
FLUIDFILM.NO
Næringsveien 6, 4323 Sandnes



RYFYLKE BEGRAVELSESBYRÅ

STRAND OG RYFYLKE BEGRAVELSESBYRÅ

Vår erfaring – din trygghet. Audun Ingvaldstad og Johan Braseth.
Gravstein-utstilling i våre kontorlokaler på Tau
Ryfylkeveien 1986, Tau – tlf. 51 74 87 00 – www.hviding.no



Jørpeland Bilverksted as
4100 Jørpeland
Tlf 51 74 08 80
Bilverksted - bildeler - rekvisita
- periodisk kjørekontroll

Gaver til alle anledninger
Urmaker
Jens Bjelland A.s
Tlf. 51 74 73 58



☎ 51 97 29 00
DØGNVAKT

www.krogedal.no



Trodla-Tysdal Turiststasjon

Kjell Tysdal tlf. 959 90 867
post@trodla-tysdal.no
www.trodla-tysdal.no



KYRKJEKONTOR

HJELMELAND - FISTER - ÅRDAL

Kyrkjevevjerje:	Mette Ingvaldstad - Tlf. 907 35 564
Kontor:	Prestegarden 5, Hjelmeland
Kontortid:	Tysdag - torsdag 9.00 – 14.00
Telefon:	404 39 240
E-post:	post@hjelmeland.kyrkja.no
Nettside:	www.hjelmeland.kyrkja.no
Sokneprest:	Sigrunn Hagen Arnesen - Tlf. 977 52 534
Kantor:	Anne-Berit Rinde Bjelland
Trusopplærar:	Tonje Flatø Nessa
Diakonimedarbeidar:	Torill Marie Seljeskog
Administrasjonssekretær:	Serina Orstad Waldeland
Kyrkjetenar Hjelmeland:	Torill Marie Seljeskog
Kyrkjetenar Fister:	Åsmund Thomsen
Kyrkjetenar Årdal:	John Leikvar Nessa
Kyrkjetenar Jøsenfjorden:	Bente Tednes Gjil
Soknerådsleiar Hjelmeland:	Magnhild Meltveit Kleppa
Soknerådsleiar Fister:	Ingjerd Sigmundstad Nicolaysen
Soknerådsleiar Årdal:	Olav Frantzen
Fellesrådsleiar:	Leif Ole Terøy

FORSAND

Dagleg leiar:	Siv Fossan
Kontortid:	Må, ty, to 09.00–13.00
Telefon:	413 11 055
E-post:	forsand.sandnes@kirken.no
Nettside:	www.forsand.kyrkja.no

Forsand kyrkjelyd

Sokneprest:	Ole Wollert Meyer - Tlf. 415 61 737
Kyrkjelydsarbeidar:	Irene Idland Thu
Organist:	Hege Tungland Langbakk
Kyrkjetenar:	Jennifer William Shrisunder
Soknerådsleiar:	Siri Giskegjerde
Kyrkjeskys:	Per Hagen - Tlf. 995 13 384

STRAND - JØRPELAND

Kyrkjevevjerje:	Øystein Marton Lode
Kontortid:	Måndag–fredag 09.30–14.00
Telefon:	51 74 11 30
E-post:	kyrkja@strand.kommune.no
Nettside:	www.strand.kyrkja.no
Fellesrådsleiar:	Jostein Woie

Strand kyrkjelyd

Sokneprest:	Martin Ivar Arnesen - Tlf. 980 37 571
Adm.leiar:	Liv Åse Gaard
Organist:	Anders Berglund
Kateket:	Bodil Sande Turøy
Menighetspedagog:	Anita Grødem
Diakonimedarbeidar:	Marta Frantzen
Kyrkjetenarar:	Wenche Krogevoll Dmytro Sivertsen Sofie van Beuzekom
Soknerådsleiar:	Eli Nesvåg

Jørpeland kyrkjelyd

Sokneprest:	Mikael S.Zülöw - Tlf. 92 31 02 89
Fungerande dagleg leiar:	Edel Kvindesland
Organist:	Solveig Leithaug Chaffee
Kateket:	Mia Christina Raustein
Menighetspedagog:	Edel Kvindesland
Kyrkjetenarar:	Wenche Krogevoll Jan Langeland Dmytro Sivertsen Jone Bergsager Brit Valheim
Soknerådsleiar:	

PERSONALNYTT

Administrasjonssekretær Hjelmeland



i 2022 flytta denne kjekke jenta frå Vigrestad til Årdal. Farmor hennar er i frå Årdal og familien har hytte i Heia.

Serina likte seg så godt i Årdal at ho valte å flytte, og har nå kjøpt leilegheit i Årdal.

Ho er ei aktiv ung dame som spelar på fotball laget til Hjelmeland og spelar innebandy i gymsalen i Årdal.

Serina starta å arbeide hjå Hjelmeland kyrkjekontor 01.10.24.

Hennar arbeidsoppgåver er administrasjonsoppgåver for sokneråda Hjelmeland, Fister og Årdal og for prostena i Ryfylke.

PROST

Ryfylke

Sigrid Sigmundstad - Tlf. 908 71 457
sigrid@hjelmeland.kyrkja.no

Sandnes

Tom Krager - Tlf. 912 44 212
tk566@kirken.no

PREIKETEKSTAR

Søn 30. mar – 3. s. i fastetida: Luk 22,28–34
Søn 6. april - 4. s. i fastetida: Joh 6,24–36
Søn 13. april – Palmesøndag: Joh 12,1–13
Tor 17. april – Skjærtorsdag: Joh 13,1–17
Fre 18. april – Langfredag: Luk 22,39–23,46
Søn 20. april – Påskedag: Joh 20,1–10
Man 21. april - 2. påskedag: Joh 20,11–18
Søn 27. april - 2. s. i påsketida: Joh 20,24–31
Søn 4. mai - 3. s. i påsketida: Mark 6,30–44
Søn 11. mai - 4. s. i påsketida -: Joh 14,1–11
Lør 17. mai – Grunnlovsdag: Luk 17,11–19
Sønd 18. mai - 5. s. i påsketida: Joh 17,6–11
Søn 25. mai - 6. s. i påsketida: Matt 6,7–13
Tor 29. mai – Kr. h.fartsdag: Joh 17,1–5
Søn 1. juni - søndag før pinse: Joh 16,12–15
Søn 8. juni – Pinsedag: Joh 14,23–29
Man 9. juni - 2. pinsedag: Joh 7,37–39
Søn 15. juni – Tr.e.søndag: Luk 24,45–48
Søn 22. juni 2. søndag i tr.e.tida: Joh 3,1–13
Tir 24. juni - Sankthansdagen/Jonsok: Joh 1,1–8

GUDSTENESTER

HJELMELAND KYRKJE



Langfredag 18. april kl. 20

Pasjonskveld
Takkoffer til Kyrkjemusikalsk utval

Søndag 20. april kl. 11

Høgtidsgudsteneste. Sigrunn H. Arnesen
Nattverd.
Takkoffer til Misjonsprosjektet i Nepal

Søndag 11. mai kl. 11

Konfirmasjonsgudsteneste.
Sigrunn H. Arnesen
Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet

Laurdag 17. mai kl. 09.45

Familiegudsteneste. Sigrunn H. Arnesen
Takkoffer til Åpne Dører


Søndag 25. mai kl. 11

Gudsteneste. Sigrunn H. Arnesen
Nattverd
Takkoffer til Preikestolen

Søndag 22.juni kl. 11

Gudsteneste. Sigrunn H. Arnesen
Nattverd
Takkoffer til Kirkens SOS

FISTER KYRKJE



Søndag 6.april kl.11

Familiegudsteneste. Sigrunn H. Arnesen
Dåp, Takkoffer til IKO

Skjærtorsdag 17. april kl. 19

Gudsteneste. Sigrid Sigmundstad
Nattverd
Takkoffer til Preikestolen

Søndag 27. april kl.11

Gudsteneste. Asbjørn Salthe
Nattverd
Takkoffer til KABB

Laurdag 10.mai kl.11

Konfirmasjonsgudsteneste.
Sigrunn H. Arnesen
Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet

Laurdag 17. mai kl.11

Familiegudsteneste. Sigrid Sigmundstad
Takkoffer til Stefanusalliansen


Søndag 15. juni kl. 11

Gudsteneste. Sigrunn H. Arnesen
Nattverd
Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet

Søndag 29.06 kl.11

Gudsteneste. Sigrid Sigmundstad
Nattverd
Takkoffer til KRIK

ÅRDAL KYRKJE



Søndag 13. april kl. 11

Familiegudsteneste. Sigrunn H. Arnesen
Nattverd
Takkoffer til IKO

Søndag 4. mai kl.11

Konfirmasjonsgudsteneste.
Sigrunn H. Arnesen
Hjelmeland kyrkjekor
Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet

Laurdag 17. mai kl.11

Familiegudsteneste. Sigrunn H. Arnesen
Takkoffer til Furutangen

Søndag 8. juni

Høgtidsgudsteneste. Sigrunn H. Arnesen
Nattverd
Takkoffer til Misjonsprosjekt på
Madagaskar

JØSENFJORDEN BEDEHUSKAPPELL



Søndag 6. april kl. 16.30

Familiegudsteneste. Sigrunn H. Arnesen
Nattverd
Takkoffer til Misjonsprosjektet i Nepal

Laurdag 03. mai kl.11

Konfirmasjonsgudsteneste.
Sigrunn H. Arnesen
Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet

FURUTANGEN

Torsdag 29. mai kl. 12

Familiegudsteneste. Sigrid Sigmundstad
Nattverd
Hjelmeland Kyrkjekor
Stavanger Bispedømme 900 års jubileum
Takkoffer til NMS/Furutangen


**Med atterhald om endringar!
Sjå også våre heimesider:**

www.hjelmeland.kyrkja.no
www.tau-kyrkje.no
www.jørpeland-menighet.no
www.forsand.kyrkja.no

**TRENGER DU NOKON
Å SNAKKE MED?**


Ring eller skriv. Vi er her. Alltid.

22 40 00 40 ♦ soschat.no

 **KIRKENS SOS**

GUDSTENESTER

FORSAND KYRKJE



Søndag 30. mars kl. 11:

Familiegudsteneste. Ole Wollert Meyer. Avslutning Kongeklubben. Misjonstivoli. Takkoffer: Misjonsprosjekta i Etiopia og Sør-Aust Asia

Søndag 6. april kl. 18:

Deltakingsgudsteneste. Ole Wollert Meyer og konfirmantane. Takkoffer: NKSS Laget Konfirmantfest på bedehuset etterpå

Skjærtorsdag 17. april kl. 19:

Kveldsgudsteneste Ole Wollert Meyer Nattverd. Takkoffer: Misjonsprosjekta i Etiopia og Sør-Aust Asia

Langfredag 18. april kl. 11:

Langfredagsgudsteneste. Ole Wollert Meyer.

1.påskedag, 20. april kl. 11:

Høgtidsgudsteneste. Ole Wollert Meyer. Nattverd. Preikeposar til borna. Takkoffer: Misjonsprosjekta i Etiopia og Sør-Aust Asia

Søndag 4. mai kl. 11:

Gudsteneste Ole Wollert Meyer Awanagrupper. Nattverd Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet

Søndag 11. mai kl. 12:

Familiegudsteneste i Øvre Espedal. Ole Wollert Meyer. Takkoffer: Søndagskulen

Søndag 9. februar kl. 11:

Familiegudsteneste. Ole Wollert Meyer Utdeling bok 1.klasse

17. mai ca kl. 11(når toget kjem):

Festgudsteneste. Ole Wollert Meyer. Takkoffer: KPK Ukraina

Søndag 25. mai kl. 11:

Konfirmasjonsgudsteneste. Ole Wollert Meyer. Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet

Pinsedag 8. juni kl. 11:

Høgtidsgudsteneste Ole Wollert Meyer Awanagrupper. Dåp. Nattverd. Takkoffer: Misjonsprosjekta i Etiopia og Sør-Aust Asia

Søndag 15. juni kl. ?:

Gudsteneste Lyse kapell Ole Wollert Meyer Nærare tidspunkt kjem seinare. Takkoffer: Misjonsprosjekta i Etiopia og Sør-Aust Asia

Søndag 22. juni kl. 11:

Familiegudsteneste. Ole Wollert Meyer Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet

Bøn for gudstenesta kl. 10.30-10.45 i grupperom 2.etg.

TAU KYRKJE



Søndag 30. mars kl. 11:

«Alle saman-gudsteneste». Martin Ivar Arnesen, Anita Grødem og Bodil Sande Turøy. Dåp. Konfirmantar og Tårnagentar deltar. Fasteaksjonen.

Fredag 4. april kl. 19 – Påskechurch

Stavanger Gospel Company. Nattverd.

Skjærtorsdag 16. apr. kl. 18:

Kveldsgudsteneste. Mikael S. Zülöw. Nattverd.

Langfredag 17. apr. kl. 18:

Kveldsgudsteneste. Ole Wollert Meyer.

Påskedag 20. apr. kl. 11:

Gudsteneste. Martin Ivar Arnesen. Nattverd/dåp.

Søndag 27. april kl. 11:

Gudsteneste. Sigrid Sigmundstad. Søndagsskule. Nattverd

Laurdag 3. mai kl. 11/13:

Konfirmasjonsgudsteneste. Martin Ivar Arnesen og Bodil Sande Turøy

Søndag 11. mai kl. 11:

Konfirmasjonsgudsteneste. Martin Ivar Arnesen og Anita Grødem.

Laurdag 17. mai kl. 10:

Gudsteneste. Martin Ivar Arnesen

Søndag 25. mai kl. 11:

Gudsteneste. Martin Ivar Arnesen. Dåp/nattverd.

FURUTANGEN – Kr. h.f.dag 29. mai kl. 12:

Festgudsteneste. Biskop Anne Lise Ådnøy. Markering av 900-årsjubileet for kyrkja.

Søndag 1. juni kl. 11:

Gudsteneste. Sigrid Sigmundstad. Dåp.

Pinsedag 8. juni kl. 11:

Gudsteneste. Martin Ivar Arnesen. Dåp/nattverd.

MØLLEPARKEN - Søndag 15. juni kl. 12:

Friluftsgudsteneste. Martin Ivar Arnesen. Dåp. I tilfelle dårleg vær, blir gudstenesta i Tau kyrkje.

**Med atterhald om endringar!
Sjå også våre heimesider:**

www.hjelmeland.kyrkja.no
www.tau-kyrkje.no
www.jorpeland-menighet.no
www.forsand.kyrkja.no

JØRPELAND KYRKJE



Søndag 30. mars kl. 11:

Gudsteneste. Johannes Pettersen. Barnekirke Awana. Dåp. Klubben deltar.

Søndag 6. april kl. 17:

«Alle saman-gudsteneste». Mikael S. Zülöw. Dåpsskulen deltar.

Palmesøndag 13. apr. kl. 11:

Gudsteneste. Martin Ivar Arnesen. Dåp

Skjærtorsdag 16. apr. kl. 20:

Kveldsgudsteneste. Johannes Pettersen. Nattverd.

Langfredag 17. apr. kl. 20:

Kveldsgudsteneste. Johannes Pettersen.

Påskedag 20. apr. kl. 11:

Gudsteneste. Mikael S. Zülöw. Nattverd/dåp.

Søndag 27. april kl. 19:

Sang-gudsteneste.

Søndag 4. mai kl. 11:

Konfirmasjonsgudsteneste. Mikael S. Zülöw og Mia Raustein.

Laurdag 10. mai kl. 11/13:

Konfirmasjonsgudstenester. Mikael S. Zülöw og Mia Raustein.

Søndag 18. mai kl. 11:

Gudsteneste. Martin Ivar Arnesen Barnekirke Awana. Nattverd/dåp

KUVIKA - Søndag 25. mai kl. 16:

Friluftsgudsteneste. Johannes Pettersen. Speidarar deltar.

FURUTANGEN – Kr. h.f.dag 29. mai kl. 12:

Festgudsteneste. Biskop Anne Lise Ådnøy. Markering av 900-årsjubileet for kyrkja.

Søndag 1. juni kl. 11:

Gudsteneste. Mikael S. Zülöw Barnekirke Awana. Nattverd/dåp

Pinsedag 8. juni kl. 11:

Gudsteneste. Johannes Pettersen. Barnekirke Awana. Dåp

Søndag 22. juni kl. 11:

Gudsteneste. Sigrid Sigmundstad. Barnekirke Awana. Dåp.

IDSE OG IDSAL BEDEHUS

Søndag 15. juni kl. 15:

Familiegudsteneste. Mikael S. Zülöw